

Nærings- og Fiskeridepartementet
Postboks 8118 Dep
N-0032 Oslo
postmottak@nfd.dep.no

HØRINGSSVAR – FORSLAG TIL ENDRINGAR I ERVERVSLØYVEFORSKRIFA M.M. – HAUSTING AV TANG OG TARE

Me viser til høyringsnotatet av 13.10.2015.

Konklusjon:

Pelagisk forening støtter departementet sitt forslag til endringar i manntalls- og omsetningsavgiftsforskrifta.

Pelagisk forening støttar ikkje departementet sitt forslag til endringar i ervervsløyveforskrifta, slik departementet foreslår i høyringsnotatet. Dette fordi forslaget medfører ei svekking av nasjonalitetskravet.

Pelagisk forening meiner at omsynet til etablerte næringsaktørar kan ivaretakast ved ei dispensasjonsordning. Eventuelle nye næringsutøvarar bør oppfylla nasjonalitetskravet i gjeldande lovverk.

Grunngjeving:

Departementet foreslår å gjera endringar i forskriftene om manntal, ervervsløyve og omsetningsavgift. Endringsforslaga har, iføljje departementet, til siktemål at deltakarlova skal gjelda for alle haustarar av viltlevande marine ressursar.

Det viktigaste endringsforslaget synest å vera å tillata ervervsløyve, for farty som haustar tang og tare, sjølv om dei ikkje oppfyller nasjonalitets- og/eller aktivitetskrava i deltakarlova §§ 5 og 6. Departementet skriv òg at «*Formålet er å legge til rette for at den etablerte strukturen i tang- og tarenæringa kan videreføres innanfor øvrige rammer i deltakerloven og annet fiskeriregelverk.*»

Pelagisk Forening meiner at det er positivt at haustarar av tang og tare blir underlagt same regelverk som fiskarar.

Det er sjølvsgatt viktig at omsynet til etablerte næringsutøvarar blir ivaretatt. Samstundes er det viktig at nasjonalitets- og aktivitetskravet i deltakarlova §§ 5 og 6 ikkje blir «uthola».

Det blir lagt til grunn at Stortinget ikkje har bestemt at det skal gjevast varige unntak frå deltakarlova, jf. høyringsnotatet «*I forbindelse med lovendringa i 2008 ble det imidlertid ikke foretatt noen vurdering av hvordan deltakerlovens krav til eierskap (nasjonalitetskravet*

og aktivitetskravet) skulle praktiseres overfor allerede etablerte aktører som ikke fylte disse kravene.»

Sjølv om haustarane av tang og tare ikkje er omfatta av deltakarlova i dag, bør det ikkje gjevast unntak for eventuelle nye aktørar. Dette fordi hausting frå Noreg sin viktigaste ressurs, havet, bør vera sikra for dei som bur i landet.

Departementet bør sjå på andre måtar å få dagens lovlege haustarar av tang og tare omfatta av deltakarlova, og forskriftene om manntal, ervervsløyve og omsetningsavgift på anna vis enn kva som er foreslått.

Moglegvis kan det innførast ei ordning der dagens utøvarar få vidareført dispensasjon frå nasjonalitetskravet. Eventuelle nye aktørar må søke om ervervsløyve og deltakaradgong etter eit regelverk der nasjonalitetskravet blir oppfylt.

Pelagisk Forening er samd i forslaget der det seier at «*Hensynet til en helhetlig og bærekraftig forvaltning tilsier at deltakerloven anvendes på all høsting av villlevende marine ressurser fra fartøy slik som forutsatt av Stortinget ved lovendringene i 2008 og 2013.*» Det er uproblematisk å sikra dagens næringsutøvarar sine rettar, utan å innføra ei dispensasjonsordning som går lengre enn dette omsynet tilseier.

Forskningsavgift på hausting av tang og tare?

Tang og tare er viktig for livet i havet. Kunnskap om konsekvensen av hausting av tang og tare er difor òg viktig. Når tang og tarehausting blir omfatta av same regelverk som fiske er det naturleg at det blir vurdert om det òg skal betalast forskningsavgift på inntektene frå hausting av tang og tare. Det blir bede om at departementet vurderer om det skal innførast plikt til å betala forskningsavgift på òg på tang og tare.

Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål eller eitkvart er uklårt.

Bergen: 14.1.2016

Med vennleg helsing
Pelagisk Forening



Ask Økland
Advokat